

Kosa seg med slektstreff på Rabben Feriesenter.

01.07.2020



Denne gjengen frå Voss og Gol kosa seg skikkeleg på Rabben Feriesenter.

Då eg var nedom Rabben Feriesenter onsdag føremiddag, sat ein fornøgd gjeng og kosa seg skikkeleg med frukosten på den nye flotte uteplassen som campingeigar Magne Heggøy har laga i tilknytning til servicebygget. Smila sat laust hos den trivelege gjengen av slekt og venner frå Gol og Voss som møttest og nytte gode feriedagar i lag.



Her nyt dei frukosten på den flotte uteplassen som er opna til denne sesongen.

- Det er veldig fint her. Eg har vore her ein gong før og stortrødest så no har eg fått med meg denne gjengen, innleia ei i følgjet som til saman talde 8 personar. Det var tante, nevø, søskerbarn og venner med god spreiing i alder.
- Det er slektreff i flotte omgivelsar, dette her, la ho til og dei andre nikka og supplerte.

Dei kunne fortelja at dei budde i telt og ei lita kjekk boble av ei campingvogn.

- Vi slo opp teltet mellom bygene i går kveld, og har hatt det veldig bra, fortalte dei vidare. Det var tydeleg at dei hadde funne seg godt til rette, og hadde mange planar om kva dei ønskte å besøkja under opphaldet. Sjøfiske frå båt stod tidleg på programmet, og baroniet og Galleri G Guddal skulle besøkjast. I tillegg ville dei innom Nerhurstunet i Rosendal og kanskje ta ein runde putball. Ein i følgjet hadde nemleg vore på avslutningsfest på studiane i Nerhuskjellaren då han hadde studert saman med Solfrid Nerhus. Det besøket hadde gitt gode minne. Det kom tydeleg fram både når han beskrev den nydelege musikken av Jazzverket og den fantastiske maten dei hadde blitt servert. Han lynte verkeleg opp då eg kunne fortelja at Sundepølsa som han aldri hadde gløymt, var å få kjøpt på butikken berre eit par hundre skritt unna. Elles var Bondhusbreen, Melderskin, Fjellandsbøvatnet, Friheim Gardsmat og mange turmuligheter nemnt som aktuelle besøksmål. Ei av den yngre garde hadde også veldig lyst på ein tur på Folgefonna.

Når eg hørde alt dette, fall det naturleg å spørja kor lenge dei hadde tenkt å bli.

- Vi blir her så lenge det er fint ver, kom det med latter, men etter å ha tenkt seg om kom dei nok på vermeldingane og la til at dei kom i alle fall til å bli på Rabben i 2-3 dagar til. Svært fornøgde var dei både med plassen og vertskapet der dei sat og kosa seg på den nye uteplassen på feriesenteret. Der kan dei også regulere om dei vil sitja under tak eller under open himmel, - alt etter veret.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.